

Fra: Hans Inge Gloppen (Hans.Inge.Gloppen@hsk.no)

Sendt: 15.02.2017 09:48:39

Til: Kommunane i Hordaland - Alle

Kopi:

Emne: Tilskotsordning for breiband 2017

Vedlegg: Søknadsveileder 2017.pdf

Til kommunane i Hordaland

Nasjonal kommunikasjonsmyndighet (NKOM), tidlegare kjent som Post- og teletilsynet, har lansert ny tilskotsordning for 2017. Søknadsfristen er 3. mai 2017. Kommunar som vil søkja om tilskot til sine prosjekt finn meir informasjon på denne linken:

<http://www.nkom.no/teknisk/bredb%C3%A5nd/utbygging/nasjonal-st%C3%B8nad-til-breibandutbygging>

Under er det lista opp sentrale punkt i tilskotsordninga:

- Kommunar som vil søkja må bestille lokalt dekningskart for kommunen ved å sende epost til dekningskart@nkom.no
- Søknadene skal fyllast ut elektronisk via https://www.regionalforvaltning.no/Startside/Velkommen.aspx?Ordning_Id=616&Cookie=0
- Aktuelle område som kan få tilskot til utbygging er «Kvitt område» med dekning under 4 Mbit/s og «Kvitt NGA-område» med dekning 4-30 Mbit/s
- **LOKAL HØYRING ER VIKTIG:** Kommunar som planlegg å søkja tilskot skal offentleggjera kva for eit geografisk område den planlagde utbygginga gjeld med høyringsfrist på minst ein månad. Høyringa skal publiserast på kommunen si nettside og på www.nkom.no
- Eit krav for å søke om støtte er at kommunen som søker må undersøkja om det allereie er sett i gong utbygging, eller fins planar for breibandutbygging dei nærmaste tre åra i området det vert søkt støtte for. <http://www.nkom.no/teknisk/bredb%C3%A5nd/utbygging/kontaktinformasjon-til-bredb%C3%A5ndstilbyderne>
- **VIKTIG Å HA MED DEI RETTE SØKNADSVEDLEGGNA**
- Behov for konkurranseprega dialog med potensielle utbyggjarar.
- Fleire kommunar kan gå saman om eit felles prosjekt, men berre ein kommune kan stå som ansvarleg søker.
- **VIKTIG Å OPPFYLLA KRITERIA I SØKNADEN**
- Søknader frå i fjar kan brukast på nytt, men det må leggjast til grunn nye dekningskart.

- Legg ved rettleiinga frå NKOM, slik at kommunar som vurdere å søkja kan koma i gang med søknadsprosedyren.

Venleg helsing

Hans Inge Gloppen

Spesialrådgjevar

Regionalavdelinga | Næringsseksjonen

HORDALAND FYLKESKOMMUNE

Tlf: 97 41 40 40

www.hordaland.no

